



Ordføreren sitt hjørne – mai 2015

Hemsedal har hatt ein veldig bra vinter. Denne setninga kan tolkast på mange måtar. Det eg meiner er at det har vore ein bra vinter for næringslivet. Endelege tal har eg ikkje fått enno, men alt tyder på at det er ein betydeleg vekst for reiselivet frå året før, som også var eit bra år. Nok snø og nye tilbud som Skigaarden, alpinløype til sentrum og Gravsetstugo er nemnt som positive faktorar. Mange fornøgd turistar i bygda smittar over på det meste av næringslivet.

Næringsplanen som kommunen har arbeidd med i fleire år er no snart ferdig. Det har vore mange møter, og det har vore møter med, og innspel frå, fleire sider av næringslivet vårt. Det er viktig at dette blir ein plan som flest mogleg føler eit eigarforhold til, og den skal vera førande for reguleringsplaner og kommuneplanen. Det har siste tida vore mykje fokus på næring/fritid (kalde og varme senger), men planen prøver å ta for seg alle næringar i Hemsedal. Det er mykje som heng saman, og det er mange som er avhengige av kvarandre.

Landbruket er ei stor næring i Hemsedal. Det er ikkje alle som er klar over at Hemsedal er den største mjølkekommunen i Buskerud. Det er me, og eg er veldig glad for det. Det er færre produsentar enn tidlegare, men større produksjon. Det har lenge vore eit godt husdyrmiljø i bygda. Det er bønder som vil noko og som vågar å satse, anten åleine eller saman med andre i samdrifter. Desse gjeld det å ta vare på. Kommunen har hatt fleire tilskottsordningar til jord- og skogbruk frå konsesjonsfondet. Dei ynskjer me å vidareføre og styrke. Det blir lagt opp til ei revidering av vedtektene for «Tilskot til jordbruks- og skogbruksføremål» når næringsplanen er vedteken. Her vil me ha ein god dialog med næringa. Det er ikkje veldig store summar det er prat om (no kr 250.000,- i året), men det er viktig at dei tilskota me gjev er slik at dei er til best mogleg støtte og nytte for landbruket. Eit levande landbruk med beiting og støling er den beste måten å hindre attgroing på. Her er sau ein god hjelpar, og det er plass til mykje meir sau på beite. Næringsplanen har forslag på tiltak som kan styrke sauehaldet også.

Hemsedal har fleire småskala produsentar av mat. Det er mange som legg ned ein stor eigeninnsats, og som produserer varer med identitet og sjel. Kommunen yter tilskot ved etablering av bedrifter, og me prøver å støtte opp så godt me kan elles også. Det er viktig å utnytte dei nettverka som er. Det er 3 lekkjer som heng saman: Produksjon, distribusjon og sal. Kommunen ved næringskonsulenten er ein naturleg samarbeidspart i dette arbeidet, og det er eit prioritert arbeid.

Reiselivet i bygda er desidert størst om vinteren. Heilt sidan fyrste reiselivsplanen vart vedtatt i 1987 har det vore eit mål å styrke barmarksesongen. Det er gjort mykje dei siste åra. Fisking, vandring med Topp 20, sykkel og diverse aktivitetsopplegg er gode tilbud til sommargjesten. Men, Hemsedal treng eit fyrtårn for heilårsturisme. Næringsplanen har idear på kva som må til, og kven som bør gjera kva. Det er mogleg å få til viss mange nok lyftar i lag. Det gjeld å tenkje langsiktig her også.

Eg har denne veka hatt eit møte med Statens Vegvesen i Drammen. Det var to tema på møtet. Kommunen ynskjer å behalde den gamle Venåsbrua som skibru, gangbru og som eit historisk minnesmerke. Vegvesenet rår oss ikkje til det. Dei meiner forfallet på brua er stort og at det er uvist kva stand den er i. Me får ei ny vurdering med det fyrste, og så er det opp til kommunestyret i junimøtet å ta avgjerd i saka. Det andre tema eg tok opp att var gangveg frå Holde bru til Venås. Ingen ting vart lova, men vegvesenet ser så absolutt behovet for denne gangvegen. Dei prøver å få

dette tiltaket lagt inn i framtidige budsjett. Eg skal minne dei på dette jamt og trutt. Gangveg frå Trøym til Holdebrua blir bygd neste år, så det er naturleg å halde fram vidare.

Med ynskje om ein fin vår, og ein triveleg 17. mai!

Helsing

Oddvar Grøthe

ordfører